



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 10

DESEMBER 1978

28. årgang

## JULENATT

(Fritt omsett frå tysk)

*Stille natt,  
heilage natt.  
Myrkret har vår jord forlatt.  
Stjerna skin over barnet i stall.  
Englar syng no i tusentall.  
Møya Maria så mødd  
verda sin Frelsar har fødd.*

*Stille kveld,  
heilage kveld,  
himmelfred på jorda fell.  
Gutar glade med engelens or'  
hastar dit dei ser barnet bor.  
Møya Maria så mødd  
verda sin Frelsar har fødd.*

*Stille natt,  
heilage natt,  
myrkret vik for morgon att.  
Frelsesbodskap frå Betlehem går.  
Jubeltonar i tusen år.  
Møya Maria så mødd  
verda sin Frelsar har fødd.*

K. R.



## Ventetid

Vi er nu kommet inn i advent. Vi venter at jula skal komme om ikke så lenge, og vi gler oss til jul. Men hvad er egentlig grunnen til vår glede? Hvad betyr jula for oss personlig? Er det julens glade budskap om fred og frelse for fortapte syndere som er grunn til vår juleglede eller er det julens **mange** gaver, **mye** god mat, og selskaper m.v. som fyller sinn og tanker. Jeg er redd det siste er blitt en hovedsak for de fleste av oss. **Frelseren** er kommet i bakgrunnen, dessverre. Frelseren har måttet vike plassen for velstandens gud. Men Jesus Kristus har sagt han skal komme igjen, enda engang. Venter vi ham da som frelser eller som dommer? Det står at



### ADVENT

hvert kne skal bøye sig for ham da, og hver tunge bekjenne at han er Herre. Da spørs det om vi har den rette forventning, om vi gler oss til å møte vår frelser eller om vi tenker med gru på oppgjørets dag. Ingen av oss vet om ventetia blir kort eller lang, men ennå er nådens tid, ennå er Gud å finne. Grip de flyktende minutter.

ags.

Biskop Alex Johnson:

## Livet har mening

En følelsbølge av meningsløshet har i etterkrigstiden reist seg i Vestens åndsliv, og alle som har øyne må se hvordan den idag skyller inn mot våre kyster.

Det blir stadig diskutert hva årsaken er til det hele. Påfallende er i hvert fall at følelsen av at livet er absurd og meningsløst nettopp er kommet på et

trinn i kulturutviklingen da vi tvert om burde vært vel tilfreds. Vi er jo nådd fram til et stadium av velstand, opplysning og frihet som tidligere generasjoner knapt har kunnet forestille seg.

Kanskje ligger årsaken nettopp her, mener mange. Den rent primitive livsvilje, som fikk tid-

Framh. s. 15

## SLEKTERS GANG

## Døpte



## Orkdal.

12.11. Rune Hovde  
Linda Torgersen  
Berit Svanem  
Wenche Hoff

## Orkanger

5.11. Anders Auset  
19.11. Håvard Paulsen  
26.11. Kjell Vidar Hansen  
26.11. Jarle Selvåg  
26.11. Øystein Slettahjell

## Orkland

5.11. Anne Silset Ingvill Solem  
19.11. Lene Togstad



## Vigde

## Orkdal.

18.11. Bjørn Øyvind Solstad og  
Ingunn Melgård  
25.11. Knut Guldberg og  
Ingrid Johanne Mellem

## Orkanger

18.11. Svend Georg Breunig og  
Irene Andersen



## Døde

## Orkdal.

9.11. Helga Mo f. 1897  
20.11. Ingebrigt P. Bakk f. 1897  
24.11. Johannes Rognar Eldevik f. 1906

## Orkanger

19.10. Erika Johanna Nørve f. 1910  
23.10. Sigvard Gangåsæther f. 1897  
31.10. Gina Karoline Jacobsen f. 1893

8.11. Marta Hoff f. 1908  
17.11. Ole O. Mathisen f. 1904

## Orkland.

17.11. Bernt Øyum f. 1898  
29.11. Olav Haugen f. 1919

## Slektstavla

Mange mennesker har som hobby å sysle med slekta si — finna slektskap attover i tida og også sidelengs — slik at ein veit kven ein er søskens barn — tremenning og sovore med. Dei rett så flinke sett opp ei tavle over slekta si, så har dei sammanhengen ståande der.

Også Jesus hadde ei slik slektstavle. Dengongen kunne alle slekta si utanåt — så det var ikkje vanskeleg for t.d. Matteus å skriva ned Jesu slektstavle når han skulle skriva saga om Meistere. Men lat oss sjå litt på næraste slekta hans.

Farfaren heitte Jakob. Han var «kongsætling» av Davids hus og ætt. Morfarens namn var Eli og mormora heitte Anna. Jesus hadde fire brør: Jakob, Judas, Josef og Simon og han hadde tre eller fleire systre utan at vi veit namnet på dei. Så var dei da minst 10 personar ved matbordet i heimen hans. Lukas som skreiv juleevangeliet har treft Jakob — den eldste bror av Jesus. Apostlenes gjerninger 21.18 fortel oss om det. Kanskje har han da også treft mora Maria. I allfall må vi tru at det var under dette møtet at han fekk høyra om alt som hadde gått føre seg i Jesu barndom.

Maria hadde ei søser som heit Salome. Mannen hennar heitte Sebedeus. Dei hadde minst to søner. Vi veit namnet på Jakob og Johannes som var læresveinar. Dei var altså søskens barn med Jesus og har sikkert kjent han sers godt. Jakob var den første læresvein som leid martyrdøden. (Ap. gj. 12). Johannes skreiv eit evangelium — ei åpenberringsbok og tre brev som står i vår Bibel.

Det var Johannes som sto ved Jesu kors og fekk høyra orda: «Son sjå mor di». Jesus bad meg desse orda Johannes om å ta seg av tante si og vi veit at han gjorde det.

Ved korset sto også Maria — Klopas hustru. Denne Klopas

(eller Kleopas) var bror til Josef. Han var altså rekna som farbror til Jesus. I Luk. 24, 13 ff. og Joh. 19, 25 får vi høyra at Klopas var ein av Emmanusvandrane. Klopas og Maria hadde tre søner: Simon, Jakob og Josef. Den katolske overlevering fortel at den andre Emmanusvandrere var Klopas eldste son — altså Simon. Same overlevering fortel også at Simon vart forstandar for den kristne menighet i Jerusalem i året 66 og at han var menighetsforstander heilt til han vart martyrt under keiser Trajan.

Lat oss tilslutt ta med at ifølge ei anna katolsk overlevering var Maria søskens barn med Elisabeth. Er dette rett så var Jesus også tremenning med Johannes døypar.

K. R.

## Kjolen

finner De hos

## Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

## Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)Lørdager er alle kontorer  
stengt.

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjoren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo  
7330 Svorkmo.Simeon og Anna  
Fanuelsdotter

Luk. 2, 33-40

Soga om desse to gamle er mellom dei fagraste tekstane eg veit i nytestamentet. Det andar ro og fred over desse gamle. Sjelens ro og sinnets harmoni lyser liksom ut av dei. Ikkje så mykje er fortald om dei. Likevel er konturane deira teikna så klårt at vi tykkjer vi kjenner dei rett så godt. For meg har det alltid vorte slik, når eg har handsama denne teksten at det er biletet av mine eigne besteforeldre som står for meg.

Både Anna og Simon har mange år attom seg — dagar av begge slag — sikkert eit liv mellom sorg og sol. Andleta er fulle av røynsle og — — av kjærleik. No helgar dei sine gamle dagar med å venta på Herren i Hans hus. Og ventinga vert ikkje gjort til skamme. Dei får den utvalgte oppgåva å vera «faddrar» til Guds eigen son.

Og så går tankane mine til alle gamle besteforeldre og ikkje besteforeldre som helgar dei siste åra sine med å venta på Her-

## Bønnens løfter

Vi kjenner vel alle ordene i Mt. 7, 7: «Be så skal dere få, let så skal dere finne, bank på så skal det lukkes opp for dere».

Disse ord i vårt nytestamente har sikkert vært til stor trøst for oss i mange vanskelige situasjoner, og til dels stunder i livet da det gjaldt liv eller død.

Dette ordet fører meg tilbake til et barndomsminne fra mitt eget barndomshjem. Det er mor med barneflokkene hjemme og far langt der ute på det stormfulle hav. Far var fisker og mor og vi barna stelte hjemme på den vesle gården. Når uværet raste som verst der ute og mor vart engstelig for far og mannskap, da bad hun sammen med barneflokkene for dem der ute at de måtte komme trygt i havn.

Denne sikre tro på Gud satte seg fast hos oss barna, og den fikk vi med oss fra barndomshjemmet da vi reiste ut og skulle prøve livsreisen alene. Så har vi disse trøsterike løfter at den som ber skal få, den som leter skal finne og for dem som banker på skal det lukkes opp.

No er far og mor borte, men minnet lever.

*A kor vel eg minnes mor,  
Ho meg lærde livsens ord,  
bad meg leva som ein Josef for  
min Gud!  
Mose gror på hennar grav.  
Men den bibel ho meg gav  
Er ei lykt for meg,  
når lyset mitt går ut.*

O. Ø.

## 80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo  
Handelsamlag

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.



# JULEEVANGELIET

Johan Falkberget

Første halvdel av kap. 2 i Lukas evangelium er det skjønneste en dødelig menneskehånd har skrevet. Det er bemerkelsesverdig at legen Lukas fra Antiochia — som hørte til de såkalte «hedningskristne» - legger en så sterk vekt på de sosiale omstendigheter hvorunder Jesus fra Nasaret ble født. Evangelisten ser i det et alt bestemmende utgangspunkt og grunnlag for Jesu jordiske og himmelske storhet. Han kom til verden blant den klasse mennesker som måtte ta til takke med å søke herberge i en stall. Maria og Josef synes ikke å ha reagert mot det. De var nok ikke bedre vandt. Her i stallen ble bostavelig talt «Guds rike» grunnlagt — det innen i eder. I «den hellige natt» — for å bruke et allegorisk begrep — skrev en engel med «en hurtigskrivners griffel» på stallveggen retningslinjene for nasareerens Mesiasgjerning. Den fikk et helt annet utslag enn «Guds utvalgte» ventet ut fra det profeten Esaias hadde forutsagt. Han så også i ånden at «den salvede» ville oppstå blant undertrykte, de økonomiske dårligste stillede — dagleiere, fiskere, trelle og folk i fangenskap, de ringeste i jødesamfunnet.

«Han skjøt opp som en kvist for hans åsyn og som et rotskudd av tørr jord, han hadde ingen skikkelse og ingen herlighet, og vi så ham, men han hadde ikke et utseende så vi kunne ha lyst til ham.»

De rike og mektige, rådsherrerne og de romerske statholdere så ikke slik ut. Jesus tegner tydelig et bilde av de «purpurkleddede» i «den rike mann og Lasarus», der den fattige sidestilles med hundene under de rikes bord. Det er ingen tvil om at denne liknelse er skåret ubarmhjertig ut av hans egen samtid. Han var alltid virkelighetsnær og hensynsløst realistisk. Opprøreren!

Lukas — som hadde fått en grundig opplæring i tidens høytstående og hedenske filosofi — må, lik Saulus, ha møtt lyset fra Damaskus, d.v.s. fra «Kristus!» og blitt gjennomstrålet av det. Annen forklaring på hans våg-somme omvendelse er ikke tenkelig.

Han, som Paulus (navnet betyr «den ringe») visste hva han gikk til.

Da han satte seg og skrev ned Jesu biografien til Teofilus, var han «greet av Kristus».

Det fremgår tydelig at den samme Teofilus var en tungt beveget skeptiker — men likevel en mann underveis til Kristus.

La oss nå høre verdens mest vidunderlige legende:

*«Og det skjedde i de dager at det utgikk et bud fra keiser Augustus at all verden skulle innskrives i manntall. Det var den første innskriving, i den tiden Kvirinius var landshøvding i Syria. Og alle gikk for å la seg innskrive, hver til sin by. Men også Josef dro opp fra Galilea, fra byen Nasaret, til Judea, til Davids stad, som heter Betlehem, fordi han var av Davids hus og ætt, for å la seg innskrive sammen med Maria, sin trolovede, som var fruktsommelig. Men det skjedde mens de var der, da kom tiden da hun skulle føde. Og hun fødte sin sønn, den førstefødte og svæpte ham og la ham i en krybbe, fordi det ikke var rom for dem i herberget. Og det var noen hyrder der på stedet, som var ute på marken og holdt nattevakt over sin hjord. Og se, en Herrens engel, sto for dem, og Herrens herlighet lyste om dem, og de ble meget forferdet.*

*Og engelen sa til dem: Forferdes ikke! For se, jeg forkynner eder en stor glede som skal vederfares alt folket! Eder er i dag en frelser født, som er Kristus, Herren, i Davids stad. Og dette skal I ha til tegn: I skal finne et barn svæpt, liggende i en krybbe. Og straks var det hos engelen en himmelsk hærskare, som lovet Gud og sa: Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden, i mennesker hans velbehag!»*



Lukas ord har stjernenes klarhet — og likevel så enkle at de går som lysstråler inn i barnesinnet. Et budskap, ennå «skjult for de vise og forstandige og åpenbart for de umyndige». Jeg skal avstå fra å prøve å løfte beretningen om Jesu fødsel opp til en enda høyere sfære — det gis ingen sådan. Millioner hedninger er blitt kristne ved å høre om Jesu fødsel. Det likner miraklet — det er bare ikke noe mirakel, snaut nok et hverdagslig under, men naturlig og endeframt som et kildepring i fjellveggen.

I legenden om Jesu fødsel finnes ikke et ord vi kan skifte ut med et bedre, det vil bli «over evne». Kunstnerne — geniene — har i to tusen år prøvd å tolke legendens storhet og vil gjøre det så lenge verden består.

Hvordan ville jordens siviliserte nasjoner ta det om høytideligholdelsen av julen med lov ble forbudt, under trusel om straff og tortur? Vi kan ikke svare for de mange, vi vet bare at da kom martyrtiden tilbake i all sin redsel. Neros uhyggelige bilde — og rimeligvis et verre enn det — ville stige opp i horisonten.

Jeg vil ikke påstå å ha sett ateister gå rundt juletreet og synge «Her kommer dine arme små» — men det er neppe noen fare å innestå med sitt blod for at det er skjedd. Brorparten av gudsfornektelsen i verden er av teoretisk art — det vi forstår med teorien — huset som er bygget på sandgrunn.

Her er ikke forum for «pro et contra».

Juleevangeliet forkynner fred menneskene i mellom — «fred på jorden». Det er langt fler enn vi våger å tro — og mange vi minst tror — som julekvelden synger med Brorson:

*«Her står vi nu i flokk og rad om deg, vårt skjønneste hjerteblad akk, hjelp at vi og alle må i himlen for din trone stå!»*

Har du hugsa å invitere ungdommen din med til Guds hus? Ofte? Ofte nok?



Ja, for du hugsar vel at det står: «Tenk på Skaperen din i dine ungdoms dagar, før dei onde dagar kjem, og dei år inntreir om dei du skal segja: dei hugsar meg ikkje. (preikaren 12. 1) og Korleis skal den unge halda sin sti rein? Ved å halda seg til ditt ord.» (Salme 119, 9)

## Da Einar, 10 år, var bessfar

Siste studieåret mitt hadde eg min daglege gang på eit sjukehus i Oslo. Eg gjekk omkring og tala med sjuke, helst slike som hadde heimane sine langveges ifrå, og slik hadde lite vitjing. Så var det ein dag like innunder jula eg treffe oversyster i korridoren. Ho ba meg gå inn på gutestua og freiste få ein gut i tale. Han var ni-ti år og nett komen til sjukehuset på føremiddagen. Systre og lækjarar hadde freista å få han til å tale, men heile dagen hadde han tidd blikkande stille. Ikkje eitt ord fekk dei av han, alt dei spurde og lokka. Han berre låg med hovudet mot veggen og såg sorgsam ut. Ja, eg gjekk inn og ga meg til å skjente og more meg med dei gutane eg kjende så vel ifrå før. Litt om senn våga eg meg bort til senga åt den nye guten og. «Goddag, deg har eg ikkje set før. Kva heiter du?» Han svara ikkje eitt ord. Alt eg streva, så svara han ikkje. Ein kunne mest tru han var stum. Til slutt laut eg gje meg og skulle til å gå att. Da eg kjem bort til døra, ropar han plutselig: «Er du ifrå heme, du?» og dimed tok han til å gråte. Eg laut venda i døra og gjekk glad bortåt senga hans.

«Ja eg er ifrå heme, Einar, er du derifrå også?» Så syntet det seg at Einar var frå nabobygda mi. Han hadde høyrt at eg var ifrå traktene hans, da eg tala med dei andre gutane, slik var det han ropa etter meg då eg skulle til å gå.

Eg spurde han kvifor han ikkje ville tala med systrene og fekk høyre denne soga:

«Eg orkar ikkje, for det er jul snart, og her på sjukehuset vert det inga jul.» — «Jau då» freista eg, «du kan skyne det vert jul her». — «Nei, det er ingen bessfar her, og då vert det inga jul. Heime brukar far og mor å pyn-te juletreet i stasstua, og vi ungane sit ute i kjøkkenet på golvet ikring han bessfar. Bessfar fortel oss om Jesusbarnet heilt til juletreet er ferdigpynta. Her på sjukehuset er det ingen bessfar, så det vert nok inga jul.» Eg sat og tenkte litt, så spurte eg Einar: «Trur du eg kan vera i staden hans bessfar?» Einar såg vantru ut. «Kan du om Jesusbarnet då?» «Eg trur nå det», sa eg. «Du kan no freiste», meinte han. Lenge sat eg hjå Einar, og vi varfine vener då eg gjekk ifrå gutestua. Ute i korri-

doren treffe eg ei spent oversyster som straks lova å hjelpe meg med planane hans Einar.

Snart kom den store dagen. Systrene hadde eit fint juletre og mykje julestas ståande ferdig. Gutane på stua var festkleddede og høgtidsame. Mange av dei var så friske at dei fekk vera oppe. Inne på romet hadde systrene sett ein låg liten skammel. Den skulle bessfar — eg — sitte på. Så sette vi igang. To systre stengte døra og sa at vi slett ikkje måtte opne, for no skulle dei pynte juletreet ute på gangen. Eg sette meg i bessfarstolen, og gutane kransa seg ikring på golvet. Eg freista fortelje einfelt og enkelt om Jesus som kom til verda julekvelden. Men ikkje kom eg langt før Einar sa: «Du kain itj, du. Han bessfar fortalt itj slik». «Korleis gjorde han då?» sa eg hjelpelaus.

Så gjekk det ikkje likare til enn at Einar, 10 år gammal, sat i stolen og skulle vera bessfar, medan eg satt på golvet i lag med gutane. No syntet det seg kva Einar var misnøgd med. Juleevangeliet skulle forteljast ordrett. Han, tiårsguten, kunne det, og trygt, konsist og med freistnad på gamalmannstone kom det: «Det skjedde i de dagar at det utgikk et bud fra kei-

Framh. s. 10

## Juletradisjonane våre

Av dei kristne høgtider er jula den yngste. Medan dei kristne tok til å feira påske med ein gong etter at Jesus forlot dei, skulle det gå tre-fire hundreår før kyrkjelydane i Vest-kyrkja tok til å feira Jesu fødsel. I Øst-kyrkja skulle det gå enda eit hundreår. Det var ingen som hadde sikker dato for Jesu fødsel — men den tidlege tradisjon hadde sagt at det var midtvinters ikring solsnu. I Rom var den 25. desember Den Uovervinnelege Sols dag — Dies Invicti Solis. Da Rom vart ein kristen by var det naturleg at den gamle heidne festen vart avløyst av festen for Jesu fødsel på same dato. Det same skjedde da kristentrua kom til vårt land. Det vart slut på dei gamle blot på solsnudagen og istadenfor fekk ein den kristne julefesten.

I dei første hundreåra var det nok helst i kyrkjehusa festen vart feira. I heimane ansa ein vel festen mest på det at ein ikkje kunne arbeida — men fekk høve til å kvila seg høgtidsdagane igjennom. Men snart skulle julefesten her som i alle andre land bli den store folkefesten som sameinar både det religiøse og det folkelege. Den vart heimen sin store fest for alle aldrar.

Den eldste skikk vi har i jula er nok å tenda lys. Når Marie Wexelsens i sin vakre julesalme syng:

*Da tender moder alle lys —  
så ingen krok er mørk.  
Hun sier stjernen lyste så —  
i hele verdens ørk.*

Så syng ho med i ein eldgammel tradisjon. Jødane hadde i sin festsyklus noko dei kalla «lysfesten» — eigentleg heitte den «Tempelinnvigsla sin fest». Den fall også saman med vintersolsnu. Jesus har nok som ungdom og vaksen mange gonger vore med på å tende den sjuarma lysestake i heimen eller i templet og kjent festgleda. Men nett den-

ne festen var også ei påminning om «Det sanne lys» som eingong skulle opplyse kvart menneske, altså om Jesus sjølv. Vokslusa var oldtidas finaste form for å lysa opp heimane. Men dei var svært dyre og vart sett på som luksus. Lys vart nytta som æresteikn på bordet framfor fyrstar og stormenn — i prosjonar framfor mennesker av høg byrd. Alt ifrå det vart skikk å feira jul — finn vi og skikken — å tenda eit lys for Jesusbarnet på altaret. Først på 1200-talet vart «det lov» å tenda 2 lys. Og ikkje lenge etter høyrer vi om paver som tillet 7 lys og da er det nok den jødiske sjuarma lysestake som ligg for tanken. Etterkvart som lys vart billigare å laga, vandra lysa frå kyrkjealtara til borda i heimane. Slik vart jula også ein heimsens ytre lysfest. Gjennom det 17de og 18de hundreåret kom den trua opp iallefall i vårt land at i jula skulle alle opphaldsrom ha eit lys som ikkje måtte brenna ned før eit nytt var tendt heile julenatta igjennom. I vårt elektriske sam-



funn er det vel blitt slik at alle heimar har flust med lys både i jula og elles. Det blir mindre skilnad på «Ørk og helg» enn før. Men også vi synes det er fint med mykje lys i jula og opplyste juletre finn ein ikkje berre i heimane og kyrkjehusa — men også i tun og torg. Ein annan skikk som vel er like gamal som lystemminga — er å markera julefesten med halm i hus og fjøs. Jesus hadde berre eit usselt leie på halm. Dei kristne laut prøve det same gjennom høgtida. Så flytte dei ut av sengene sine og laga seg flatsenger på stue- og kjøkkengolv. Seinare vart denne skikken i vårt land knytt saman med overtru på Åsgardsreien. Dei trudde dei som var med i reien kunne låne senger og difor laut menneskja ut av sine. Langt att i tida har ein også laga «Kristkrybber» i heimane — der ymse husdyr og mennesker vart framstilt i halm. Dette ga i sin tur næring for den overtru at det ute i naturen var vonde vetter som i jula tok på seg bukke- og geiteskapnad og kom for å smaka på juleølet. Da var det best å traktera dei. Vi fekk seinare skikken med at ungdom kledde seg ut og for gardane imellom som julebukkar og julegeiter. Også husdyra laut vera med i halm-skikken. I jula skulle dei ha halm og konn i krybbene. Jamvel skogens dyr skulle det kastas ut halmballar til og fuglane måtte få sine konnbann opphengt. Mange av desse skikkane har halde seg heilt opp i vårt hundreår, men no er det nok ingen som dreg inn halm til seng i stuene sine. I knappaste laget at fuglane får sitt konnbann. Dei moderne driftsmiddel lagar ikkje slike lenger.

Matskikkane i jula kan også på somme kantar av landet ha lange tradisjonar, jamvel om dei kan skifte mykje fra landslut til landslut. Maten skulle opphavgleg vera tarveleg. Josef og Maria

hadde berre så lite av alt — og så av mat. Dei kristne laut difor dela kår med dei i jula. «Enkel graut og simpel fisk» skulle ein ete juleaftan. Når no risengrynsgraut og lutefisk i store deler av landet vårt har blitt den tradisjonelle julemat, så er nok det ein forfining av den opphavlege skikken med vassgraut av grovmjøle og salt tørkafisk lagt på brødleiver. Mange tar vel att for risengrynsgrauten og lutefisken når dei juledagen gjev seg sylte og ribbe i vold. Også ølet må nemnast. Juleølet er nok i vårt land eldre enn kristendommen — så våre moderne bryggeri står i ein eldgammel tradisjon med sine julebrygg. Våre heidne forfedre var nok ikkje nett nokre fråholdsmenn og skåltaler og ølskryt har det nok vore mange av rundt horg og i hov. Det vart drukke for djervskap, bragder og heltegjerningar. Stormenn og kongar fekk sin ølros. Når så kristentrua gjorde sitt inntog i landet vårt vart øltalane flytt til Maria - Josef og barnet.

Dei tre vise menn hadde med seg gåver til Maria og barnet: Gull, røkelse og myrra. Dette vart i millomaldere årsak til at dei kristne skulle gje kvarandre gåver. Det vil seje ikkje alle skulle gje alle gåver, men i heimane laut ein ordna seg slik at alle i heimen i allefall fekk eit nytt plagg til jul. I mellomjula kunne også ungdommen gje kvarandre «jultrå» — det var små pyntesaker som særleg ungjentene laga av farga ullgarn, grønt, blått, raudt og gult skulle det helst vera. Gilde var dei gutar som fekk ein slik «Jultrå». Det kunne vera starten på ein kjærleik to unge imellom. Dei fleste eldre i vårt land vil nok hugsa denne skikken og vil også minnast at inflasjonen i julegåver enno ikkje hadde tatt til i deira ungdom. Da var menneskja glade over det vesle dei fekk. No dynges iallefall mange barn ned av gåver — så dei i knappaste laget veit kva dei har fått eller veit å verta glad i det og takka for det.

Eg har alt såvidt nemnd juletre. Å ha juletre i heim og kyrkjehus er ein relativt ny skikk i

Norge. I trøndske bygdslag kom skikken sist på 18hundretalet. Sør for Dovre kom skikken tjugetretti år tidlegare. Seinast kom skikken til dei nordlegaste landsluter. Til oss kom skikken frå Tyskland der adelen og dei rike kjøpmennene sist på 16hundretalet tok til å sette bartrær inn i stuene sine i jula og henge opp epler - rosiner og fikner i greinene. Mange har meint at juletreet er i slekt med maistonga og fruktbarhetstreet som dei heidne germanane dansa ikring. Helst er det nok ikkje det. Skikken startar for seint i tida til det. Vi har oppteikningar frå 15hundretalet i Tyskland der det er fortald at folk i jula pynta husa sine med kristtorn, granbar og laurbærgreiner. Derifrå til å ta inn eit heilt litetre — er ikkje spranget så stort. Det første juletre som vi veit om står omtala i ei oppteikning frå Strassburg i 1605.

Så var det julenissen. Den er ein bytting i norsk juletradisjon. Vel trudde fedrane våre at det fannst underjordingar — tusser (tufter) på alle gardar. Desse tusser vart også kalla nisser og stelte helst i stall og fjøs. Tidast var dei godlynte, men dei likte ikkje å bli sett. Dei bann tussefletter på hestane og stal høy til kyrne — men aldri nokon gong høyrer vi at dei bar gåver fram for menneskja. Det er heilt innlysande at husnissen — gard-

nissen ikkje er identisk med julenissen av idag. Så er det nok med julenissen som med juletreet at skikken er komen frå Tyskland. Der har ein i fleire hundreår i den katolske kyrkja feira den heilage Nikolaus — (St. Nikolaus) — dei fattiges helgen. Han kom kvart år den 6te desember og ga snille barn og vaksne gåver. Kyrkja hadde sett dette i system — slik at alle trengande fekk det trong for julehøgtida utdelt denne dato. Skikken kom seinare til England (Father Christmas) og Amerika (Santa Claus). På begge desse stader flytte dei utdelinga til sjølve julehøgtida og utstyrte gåveformidlaren i raud kappe og med kvitt skjegg. Denne figur er det som så er komen til vårt land. Ei rundspørring som dr. phil. Lily Weiser Aall i si tid gjorde over det heile land — viser oss at julenissen ikkje er omtala her til lands før i 1910 og da veldig spreit. Seinare var det forretningsstanden som nytta seg av figuren i si reklame og vi får vel segja at julenissen i den form den kjennes idag er som ein gaukunge som har tatt plassen i mange heimar som Jesus Frelsaren skulle ha hatt. Heile figuren er unorsk og har ingenting med jula å gjera. Vi får sjå til å skyssa han over havet att.

K. R.



God Jul!

## 18 Vilhelm Johannes Koren

vart den attande soknepr. i Orkd. Han var fødd i Bremanger 26.10.1865. Foreldra var sokneprest Ulrik Fredrik Vilhelm Boyesen Koren og kone Bertha Elise f. Gerckens.

V. J. Koren vart student i 1882 og var eitpar år huslærer for å tena pengar til vidare studium. I 1889 tok han teol. embetseksamen, og praktisk-teol. eksamen tok han året etter. Eit års tid var han uordinert assistent hjå sokneprest Eckhoff i Drammen, men vart i 1891 ordnert for å vera personellkapellan hjå spr. Jacob Kielland i Hauge-sund. Etter 4 år der, kom han i 1895 til Lyngen som sokneprest. Der fekk han brystsjukdom og laut søke avskil for å reise til eit sanatorium. I 1904 kom han til Rendalen som sokneprest og var der også prost i Nord-Østerdal prosti. I 1914 fekk han utnemning til sokneprest i Orkdal. Her var han i 8 år og flytta i 1922 til Lier som sokneprest. I Lier var han også prest ved Lier sjukehus og de tre siste år han var prest 1933-1936 var han prost i Asker prosti. Pensjonist-åra budde familien på Bekkestua i Bærum. Der døyde han 23.4.48. Han er gravlagd på Haslum kyrkjegard.

Vilhelm Johannes Koren vart gift i 1893 med Ingegerd Beylegaard f. 7. 10. -68. Ho var dotter av sokneprestfolka i Vestby — Peter Samuel Beylegaard og kone Hilleborg f. Smith. De fekk 9 barn:

1. Hilleborg Beylegaard f. i Skåre ved Haugesund 1894. Ho var lærar ved Orkdal private middelskole (heldt til i prestegarden) i 2 år og deretter i 3-4 år lærar ved samme skole på Orkedals-øra. Ho fekk det skussmål at ho var «eit uforferda, kjekt og prektig menneske.»

2. Sigurd Koren f. i Lyngen 1896. Han vart gift med Karen Bakk frå Orkdal i 1921. Dei vart bondefolk. Forpakta ei tid prestegarden Grøtte. Sidan kjøpte dei gard i Malvik. Var så nokre år

på Sølberget og frå 1940 eigde dei gard i Skaun. Der døyde han i 1966. Karen døyde i 1968.

3. Bertha Angeline f. i Lyngen 1897. Ho utdanna seg til lærar og var den lengste tid tilsett ved Nordahl skole i Lier.

4. Ulrik Fredrik f. i Lyngen. Døyde same år.

5. Per Beylegaard f. i Lyngen 1901. Reiste til Canada men kom etter nokre år attende til Norge og var ei tid pleier ved Lier sjukehus. Seinare vart han tilset ved Folkeregistret i Lier kommune. Han vart i 1939 gift med Sigrild Nystøl frå Kviteseid i Telemark. Ho døyde i 1977.

6. Vilhelm Johannes f. i Soon 1903. Han utdanna seg som agronom og forpakta ei tid Frogner prestegard i Lier. Seinare kjøpte han seg gard i Såner-Vestby. I Såner var han i mange år klokkar. Han gifte seg 1940 med Inga Kristine Osvik frå Vestnes.

7. Audun f. i Rendalen 1908. Han er bryggeringeniør i Oslo. Han gifta seg i 1946 med Bergliot Isene frå Bærum.

8. Trygve f. i Rendalen 1910. Han tok meieristeksamen i 1934 og er styrar ved Pals margarin-fabrikker i Oslo. Han gifta seg i 1940 med Ester Buch frå Bergsfjord i Finnmark.

9. Einar f. i Rendalen 1913. Han vart kand.teol. i 1940 og ordnert på Helgøya 1944. Var menighetsarb. i Ø. Bærum 1942-44 — hjelpeprest i Hurum 1945 — hj.pr. i Høvik 1953 — res.kap. i Orkdal 1962 og spr. i Furnes 1972. Han gifta seg i 1946 med Synnøve Helgerud.

Sokneprest Vilhelm Johannes Koren fekk bygd ferdig det ut-hus spr. Johnson hadde planlagt. Koren strevde iherdig for å få delt Orkdal sogn i tre. Han meinte at folk ville ta større ansvar for sine kyrkjelydar og kyrkje-hus om einingane var mindre. Det var den påtenkte herreds-inndeling som ga han ideen. Frå

1924 vart hans ide realisert og dei tre herred og tilsvarande sokn var eit faktum. Sokna fekk namna: Orkdal — Orkanger (Øren) — og Orkland (Moe). Koren tålte det trøndske klima dårleg og det var årsak til at han søkte seg til Lier. Ved hans avreise sto dette å lese i «Sør-Trøndelag» for 28. 3. 22:

«Koren forlot i dag Orkdalen for å overta sitt kall i Lier ved Drammen. Sokneprest Koren har nedlagt et stort arbeid i menigheten og kirken. Han har aldri spart seg, sent og tidlig har han vært på ferde og venner har han vunnet overalt. På grunn av sine fine fremragende egenskaper som prest og som den sjeldne bramfrie og liketille menneske han er. Det er en folkekjer prest som forlater oss.»

K. R.

### OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.

### Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

### Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

### SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.

## I prestekontorets arkiv på Fannrem

finn vi vedlagte brev og teikning av gamalkyrkja på Grøtte. Teikninga er datert 1834 og er trulegvis den eldste bevarte teikning vi har av kyrkja.

Til Ørkedal kirke, Ørkedal, Norge.

Min oldefader, generalleutenant i den danske hær, Johan Philip Thomas Ræder (1795-1869), født på gården Ness på Andalsnes, foretog i sommeren 1834 en rejse fra Christiania til Trondhjem. På rejsen førte han en noget uordentlig rejsedagbog på dansk, italiensk og tysk, som er vanskelig at dechiffre. Dagbogen er illustreret med skitser af især gårde og kirker. Skitserne udmærker sig ikke ved stor kunstnerisk kvalitet, men de forekommer mig at virke ret troværdige. Jeg mener derfor, at nulevende personer, der har tilknytning til de afbildede steder, vil have interesse af at have en reproduktion. Jeg beder Dem derfor modtage vedlagte.

Med venlig hilsen

C. F. Jacobsen  
dr. phil.  
Pilealle 55.4  
København, F.


\*

Emil M. Carlsen — som døyde ifjor har skreve dette om den gamle kyrkja på Grøtte.  
(«Ukenytt»s julenr. 1964.)

### Gammelkirken på Grøtte fikk mye motgang i sin 750-årige historie.

Den gamle stenkirke på Grøtte var den eldste kirke i Orkdølafylket — bygget før 1250. Den kvitkalkede kirka med det sylspisse tårnet var en pryd for dalen. Da kirka ble revet fant man under korset et lik, kledd i rød silke. Et stykke brodert tøy som lå under alterstenen var trolig et relikvie, men dette sammen med mye annet, ble ødelagt under rivingen.

Av det en vet hadde kirka på Grøtte den første tida ikke noe klokketårn, men et oppbygg for klokka sto ved siden av kirkebygget til omkring 1550. Det ble gjort en stor påkostnad da, og Knut Kirkebygger rev ned



Fra «Ukenytt»s julenr. 1964, sakser vi også

### Bibel og lovbok fra Gisvold

Den gjengitte bibel er den eldste påviste bibel i Orkdal — «Prentede i Kiøbenhavn Aar 1607 med H.K.M. synderlig Privelegis».

Gisvoldbibelen er således laget i Christian IV's regjeringstid og nærmere 360 år gammel. Kongens bilde er gjengitt på bibelens første side sammen med ordene: REGNA — FIRMAT — PIETAS, som var hans valgspråk og utlagt betyr: *Fromhet styrker rikene*. Men på folkemunne ble de tre begynnelsesbokstaver, R.F.P. utlagt som: «Riket fattes penge».

Bibelen er den bok som er oversatt til de fleste språk—ca. 900 og utgitt i mange hundre millioner eksemplarer. Boktrykkerkunstens far, Johan Gutenberg, trykte den første bibel som det nå fins 30-40 eksemplarer av på forskjellige steder i verden. Den første bibel som var tilgjengelig for folk i Norge, var Christian III's bibel som ble trykket i Danmark år 1550. Først i 1819 kom en norsk bibel. Selv om Gisvoldbibelen er velbrukt, er den en godt bevart bok som for mange år siden ved et auksjonskjøp kom til Gisvold, hvor også dens framtidige plass helst bør være.

E. M. C.

